

Notat**Kulturmidlar 2019 - tilskot til drift - vurdering og vedtak**

Organisasjon 19/9453-9	Den norske bokbyen	
Innhald	Sjå sak 19/9453	
Vurdering	Tilskot til Den norske bokbyen for 2019 vart løyvd i sak 19/9453-9 28.1.2019. Tilskot er utbetalt.	
Budsjett:	Søknadssum:	Vedtak: 90 000

Organisasjon 19/1255-31	Sogn og Fjordane Symfoniorkester	
Innhald	SOFORK er eit fylkesdekkande tiltak for å samle alle musikarar med interesse for klassisk musikk i samspel på høgt nivå. på høgt nivå. SOFORK er møtestaden for alle som vil utvikle seg, anten ein er barn, ungdom, amatør, musikk lærar eller profesjonell musikal – eit lågterskeltilbod som står for høg kvalitet. Orkesteret har medlemmar frå heile fylket med sju ulike nasjonalitetar. I 2019 er det ca 50 medlemmar som dekkjer heile symfonibesetninga. Årets konsertproduksjon vert ein nyttårskonsert med 2 øvingshelgar og 2 konsertar. Rekruttering og samarbeid er ein viktig del av arbeidet for alle orkester. Også i år vil strykarar frå SOFORK delta på Sogn Kammerorkester sin årlege sommarkonsert i Balestrand i juni og unge frå fylket får delta og halde kontakten med kulturlivet og vere eit viktig bidrag til rekruttering.	
Vurdering	Fylkeskommunen skal arbeide for å styrke lokale utøvarar og produksjonsmiljø og bidra til å fyll kulturhusa med kulturtilbod. Eit av tiltaka i handlingsprogrammet for regional plan for kultur er å sikre profesjonelle musikktilbod i fylket. Fylkesdirektøren løyver tilskot til Sogn og Fjordane Symfoniorkester. Tilskotet skal gå til øvingshelgar i 2019 og til konsertar i januar 2019.	
Budsjett: 350 000	Søknadssum: 150 000	Vedtak: 100 000

Organisasjon 19/1255-30 og 23	Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL)	
Innhald	Drift: SOFUL er ein del av Norges Ungdomslag og har ansvar for å ta vare på den tradisjonelle folkekulturen. Om lag 30 aktive lokallag i fylket. Laget omfattar friviljug kulturarbeid innan folkemusikk, folkedans, scenekunst og ulike vaksenopplæringstiltak. SOFUL ser det som viktig å ivareta nynorsken gjennom publisering- og mediarbeid innan kulturelt arbeid. SOFUL sitt	

	<p>hovudsatsingsområde dei siste åra har vore Huset i Bygda, der målsetjinga er å gjere eigarar av ungdomshus og andre organisasjonseigde hus betre i stand til å at vare på og utvikle kulturbygga som organisasjonane eig. Det vert søkt om driftsmidlar til for å sikre gode rammevilkår for gjennomføring av det årlege arbeidsprogrammet.</p> <p>Tiltak: SOFUL søker og om midlar til felles barnestemme med Hordaland Ungdomslag. Stemnet skal vere i Fjærland i juni og skal vere som eit ledd frå regionslaga for å bli kjend på tvers av fylkesgrensene og utvikle gode samarbeidsformer mellom laga. Tiltaket skal finansierast gjennom eigeninnsats, deltakaravg. og off. tilskot (Sogn og Fj., Hordaland, Sparebankstiftinga og Sogndal kommune).</p>	
Vurdering	<p>SOFUL har eit regionalt nedslagsfelt og med klart føremål innan kulturfeltet.. Fylkeskommunen har inngått utviklingsavtale med SOFUL om prosjektet «Huset i bygda». Fylkesdirektøren ser at det arbeidet organisasjonen gjer er viktig og løyver midlar til laget. Barneturnstemne vert sett på som ein del av drifta og må dekkast innanfor drifta.</p>	
Budsjett:	Søknadssum:	Vedtak:
Drift: 447 670	Drift: 75 000	Drift og tiltak: 60 000
Tiltak: kr 307 000	Tiltak: 20 000	

Organisasjon 19/1255-29, 16	Sogn og Fjordane folkemusikklag (SFFL)	
Innhald	<p>Drift: Sogn og Fjordane Folkemusikklag (SFFL) er ein ideell organisasjon som arbeider for å ta vare på og vidareformidle folkemusikk- og –dansetradisjonane i fylket. SFFL vart skipa i 1981 og har i dag 20 medlemslag med over 500 medlemmer frå alle kommunar. Folkemusikklaget står bak ei rekkje tiltak og arrangement på regionalt nivå, og bidreg til å skape gode og arenaer for formidling, rekruttering og kompetansehevande tiltak på folkemusikkfeltet. Ei viktig oppgåve for SFFL er å drive informasjonsarbeid for medlemar, publikum og andre interesserte. SFFL sitt arbeid er samlande og bidreg til å skape vi-kjensle på tvers. Dei arbeider for at både born, unge og vaksne i eit fleirkulturelt samfunn skal få kjennskap til og kunnskap om sin eigen kultur og kulturarv.</p> <p>Tiltak: SFFL søker og om tilskot til gjennomføring av Mokurset, som er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans. Målgruppa er alle aldersgrupper. Kurset er ein møtestad, rekrutterings- og formidlingsarena som er skreddarsydd for å støtte målgruppa sine behov og på tvers av generasjonar. Kurset har vore arrangert i fleire år. Fylkeskommunen har tidlegare støtta dette tiltaket.</p>	
Vurdering	<p>Folkemusikk- og –dansetradisjonane er ein del av den immaterielle kulturarven vår og viktig byggestein i vår kulturelle identitet. Folkemusikklaget er eit fylkesdekkande organisasjon som bidreg til å skape forståing og respekt for både eigen og andre sin kultur og kulturelle uttrykk. Folkemusikklaget har eit klart føremål innan kulturfeltet og bidreg til ei utvikling i fylket. Fylkesdirektøren tilrår ein auke i driftsbudsjettet, der Mokurset må dekkast innanfor løyvde driftstilskot.</p>	
Budsjett:	Søknadssum:	Vedtak:
Drift: 919 000	Drift: 240 000	Drift og tiltak: 200 000
Tiltak: 519 000	Tiltak: 45 000	

Organisasjon 19/1255-28- 26	Norges Husflidslag	
Innhald	<p>Norges Husflidslag arbeider for å styrke dei levande kulturhandverks- og</p>	

	<p>husflidstradisjonane i Norge. Norges Husflidslag har i dag 18 tilsette husflidskonsulentar som har sin daglege arbeidsplass i fylka. Finansiering av ei slik stilling er tufta på ein modell der fylkeskommunen går inn med tilskot tilsvarende ¼ av ei stilling, medan Kulturrådet gjennom Norges Husflidslag dekkjer resten. Norges Husflidslag søkjer om vidareføring av ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane. Husflidskonsulenten bidreg med fagleg kompetanse overfor skular, museum, institusjonar og bedrifter. Norges Husflidslag har som mål at dei skal vere ein leiande aktør i Noreg innan næringshusflid og har husflidsfag og næring som ein av kjerneaktivitetane. Gjennom slik vinkling vil dette vere i tråd med regional plan for kultur i Sogn og Fjordane.</p>		
Vurdering	<p>Fylkesdirektøren ser at det er viktig at ein eigen husflidskonsulent i Sogn og Fjordane må rette seg mot å hjelpe enkeltaktørar i å utvikle næringsretta tiltak. Samstundes vil ein eigen konsulent kunne drive aktiv oppfølging av ungdomsklubbar i Ung Husflid og arbeide for å synleggjere aktivitetane t.d. gjennom større deltaking på UKM. Dei samarbeider og med musea om formidling av tradisjonshandverk til skulane. Fylkesdirektøren løyver tilskot til vidareføring av ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane</p>		
Budsjett: 530 000		Søknadssum: 250 000	Vedtak: 170 000

Organisasjon 19/1255-27 og 20	Vevringutstillinga		
Innhald	<p>Drift: Vevringutstillinga søkjer om driftstilskot til gjennomføring av den årlege utstillinga som i år vert i år gjennomført for 40. gong. Føremålet med utstillinga er mellom anna å vise mangfaldet, vere dørøpnar og inkludere alle i samtidskunsten sitt univers. Utstillinga har eit stort fokus på å lære barn og unge om kunst og uttrykk og er ei merkevare og eit utstillingsvindaug for moderne kunst i Sogn og Fjordane. Det kjem kunstnarar frå fleire land. Kunstnarane arbeider med ulike materiale og presenterer kunsten sin på ein inkluderande måte. Det vert lagt ned eit stort dugnadsarbeid for å få gjennomført Vevringutstillinga kvart år.</p> <p>Tiltak: Dei søkjer og om tilskot til framføring av Neo-open – ei førestilling som dei vil sette opp under utstillinga. Dette er eit verk i 4 deler a 15 min og skal framførast i veteranbåt på fjorden.</p>		
Vurdering	<p>Vevringutstillinga er ein institusjon i kunstverda nasjonalt. Fylkesdirektøren ser det som positivt at utstillinga stadig fornyar seg og utviklar seg og løyver tilskot til drift. Det vert ikkje løyvd tilskot til tiltak, då dette vert å sjå på som ein del av drifta.</p>		
Budsjett :	Søknadssum:	Vedtak:	
Drift: 705 000	Drift: 70 000	Drift: 20 000	
Tiltak: 300 00	Tiltak: 60 000	Tiltak: 0	

Organisasjon 19/1255-25	Vestnorsk jazzsenter		
Innhald	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune er medstiftar i Vestnorsk Jazzsenter (VNJS). Vestnorsk vert støtta av Norsk Kulturråd, dei 3 vestlandsfylka og Bergen kommune. Jazzsenter skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for dei ulike aktørane på jazzfeltet på Vestlandet, bl.a. gjennom VRAK og utdanningsinstitusjonane. Dei samarbeider med Balejazz om utvikling festivalen i Balestrand. VNJS brukar også Balejazz som møteplass for internasjonale kontaktar (arrangørar, formidlarar, journalistar, m.m.). VNJJ har ei sentral rolle i å</p>		

	bidra med å utvikle jazzmiljøet i Sogn og Fjordane og arrangerer årlege samlingar for musikarar og arrangørar. Dei har og eit samarbeid med Førdefestivalen og BRAK gjennom det regionale rytmiske kompetansesenteret (VRAK). Sommarjazzkurs vert arrangert på Jølster for 5. gong og det vert søkt om auke i driftstilskotet grunna dette arrangementet.	
Vurdering	Gjennom nye prosjektinitiativ der VNJS er sentrale ser fylkesdirektøren at det skjer ei utvikling av musikklivet også i vårt fylke. Det vil difor vere naturleg å vurdere å øyremerkje støtte til VJNS inn mot prosjekt som heilt tydeleg har Sogn og Fjordane som nedslagsfelt for sin aktivitet, samstundes som tilknytninga til VNJS er viktig for å sikre tilgangen til kompetanse og nettverk som institusjonen sit på. Det vert totalt løyvd kr 110 000 til Vestnorsk Jazzsenter som og skal dekke sommarkurs på Jølster.	
Budsjett: 8,4 mill	Søknadssum: 150 000	Vedtak: 110 000 til drift og sommarkurs på Jølster

Organisasjon 19/1255-21	Vestlandsutstillinga	
Innhald	Vestlandsutstillinga er ei foreining som er eigd av sine medlemmar. Medlemmene består av dei lokale kunstnarorganisasjonane og visningsstadane på Vestlandet. Vestlandsutstillinga er ei årleg vandreutstilling, som vert vist i dei 4 vestlandsfylka. I Sogn og Fjordane er visningsstaden Sogn og Fjordane Kunstmuseum. I samband med at Vestlandutstillinga fyller 100 år i 2022 og med tanke på den nye storregionen Vestland, vert det søkt om auka tilskot.	
Vurdering	Fylkesdirektøren viser til at kunstproduksjon og formidling er eit av satsingsområda i regional plan for kultur og rår til at det vert løyvd tilskot til Vestlandsutstillinga. Fylkesdirektøren ser det som positivt at Vestlandsutstillinga aukar aktiviteten, men ut frå rammene vi har til fordeling vert tilskotet på same nivå som tidlegare.	
Budsjett: 1,3 mill	Søknadssum: 150 000	Vedtak: 100 000

Organisasjon 19/1255-18	KFUK-KFUM i Sogn og Fjordane	
Innhald	KFUK-KFUM er ein medlemsbasert organisasjon som er opne for alle. KFUK-KFUM har som mål å skape arrangement som alle kan vere med på, føle tryggleik i og sørge for rusfrie rammer. Målet for 2019 er å engasjere barn og ungdom gjennom ulike aktivitetar og bidra til å motverke sosial eksklusjon ved å tilby eit inkluderande fellesskap for unge.	
Vurdering	Organisasjonen sitt arbeid er i stor grad retta mot aktivitetar for barn og unge, men arrangementa er opne for alle. Under plantema deltaking og oppleving i regional plan for kultur er tidleg deltaking eit av innsatsområda. Fylkesdirektøren løyver tilskot til KFUK-KFUM-krinsane i fylket.	
Budsjett:	Søknadssum: 145 000	Vedtak: 90 000

Organisasjon 19/1255-17	NMF Nordvest	
Innhald	NMF Nordvest er ein interesseorganisasjon for korpsa i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. For 2019 har dei fokus på barn, ungdom og utvikling og vil vidareutvikle programmet for unge leiarskap i frivillige organisasjonar. Fylkesleddet har ansvar for opplæringstiltak, kurs for musikantar og deltaking i skulekorps m.m. Regionen jobbar og aktivt med inkluderingsperspektivet gjennom korpsarbeidet.	
Vurdering	Fylkesdirektøren ser positivt på det arbeidet som Musikkorpsforbundet gjer og at det vert lagt til rette for at musikkorps vert ein attraktiv fritidsinteresse for barn, unge og vaksne, og løyver tilskot NMF Nordvest sin aktivitet i Sogn og Fjordane.	

Budsjett: 4,2 mill	Søknadssum: 250 000	Vedtak: 230 000
---------------------------	----------------------------	------------------------

Organisasjon 19/1255-15	Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane - BKSF	
Innhald	Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane er ein fagorganisasjon for profesjonelle biletkunstnarar i Sogn og Fjordane. BKSF har som mål å fortsette det fagpolitiske arbeidet med å oppretthalda ein profesjonell kunstsektor i fylket, hjelpe biletkunstnarar busett i fylket, tiltrekke seg nye biletkunstnarar, og skape eit profesjonelt nettverk for desse kunstnarane å virke i.	
Vurdering	Kunstproduksjon og formidling er eit av plantema i regional plan for kultur. BKSF arbeider med å betre arbeidsvilkåra for profesjonelle kunstnarar i fylket og fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til BKSF.	
Budsjett: 98 000	Søknadssum: 25 000	Vedtak: 15 000

Organisasjon 19/1255-13	Brak	
Innhald	Brak er kompetansesenter og interesseorganisasjon for det rytmiske musikkmiljøet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Medlemene er enkeltpersonar, eit band eller ein festival. Organisasjonen si målsetjing er å kunne hjelpe alle som arbeider med musikk på alle nivå, uansett spørsmål og problemstilling. Brak har til saman 2500 medlemmar. 272 av desse har adresse i Sogn og Fjordane. Brak skal spesielt bruke tid på å følge opp nye etableringar i fylket for å sikre stabil og trygg drift. Det er også viktig for prosjektansvarleg i Sogn og Fjordane å jobbe for å behalde Brak sitt mandat i området Sogn og Fjordane når Vestland fylke blir ein realitet frå 2020. Den største enkeltsatsinga i 2019 blir å etablere musikkbransjefestivalen Blest som eiga foreining og uavhengig festival.	
Vurdering	Brak jobbar mykje for å engasjere og støtte ungdom i fylket. Fylkesdirektøren ser på arbeidet med Blest og UKM i Sogn og Fjordane som svært positivt. Brak har hatt fast plass på statsbudsjettet sidan 2007. Fylkesdirektøren løyver tilskot til drift til BRAK.	
Budsjett: 5,3 mill	Søknadssum: 150 000	Vedtak: 100 000

Organisasjon 19/1255-12	Stiftinga Singerheimen	
Innhald	Stiftinga Singerheimen er ein ideell organisasjon som har som formål å vedlikehalde hus, inventar og kulturskattar som ekteparet Singer gav til folket i Sogn og Fjordane. Singerheimen har fungert som kulturinstitusjon, museum, kulturformidlar, overnattingsstad og selskapslokalar. Vidare drift kring Stiftinga rundt drifta er no til drøfting, og det vert arbeidd med andre alternativ for drifta (ferding, museumsdrift, m.m.). Stiftinga treng likevel midlar til minimumsdrit, vedlikehald og tilsynsarbeid.	
Vurdering	Fylkesdirektøren er positiv til dei initiativ styret har tatt med tanke på vidare drift av Singerheimen. Fylkesdirektøren løyver tilskot til drifta og vedlikehald fram til ny ordning er avklart.	
Budsjett:	Søknadssum: 200 000	Vedtak: 200 000

Organisasjon 19/1255-11	Sogn og Fjordane Mållag	
Innhald	SFM er ein fylkesdekkande kulturorganisasjon med 20 lokallag i 20 av kommunane i S&Fj. Medlemstal ved årsskiftet 2018/2019: 1150. Organisasjonen har ikkje løna personell. Laget arbeidar m.a. med å fylgje opp språkbruk, målsak og organisering av kultur. Inntekter: Medlemspengar og tilskot.	

Vurdering	Nynorsken er framheva som eit gjennomgåande perspektiv i regional plan for kultur. Ut får mållaget sitt arbeid med språkbruk og målsak, løyver fylkesdirektøren tilskot til Sogn og Fjordane Mållag.		
Budsjett: 42 000	Søknadssum: 13 000	Vedtak: 10 000	
Organisasjon 19/1255-10	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane		
Innhald	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane er ein frivillig organisasjon med målgruppe dei eldre i samfunnet. I tillegg til driftsoppgåver arrangerer dei sommartreff og haustkonferanse. Forbundets formålsparagraf og eldrepolitisk handlingsprogram ligg som fundament for arbeidet for å skape best mogeleg tilhøve for pensjonistar og for å styrkje deira stilling i samfunnet. Dei er inne i ein samanslåingsprosess med Pensjonistforbundet Hordaland til Pensjonistforbundet Vestland frå nov. 2019.		
Vurdering	Fylkesdirektøren ser primært på kulturaktiviteten til laget og at deira bidrag med å aktivisere eldre i Sogn og Fjordane. Pensjonistlaget er og ein viktig medspelar i å utvikle gode og tilpassa kulturtiltak for eldre, t.d. gjennom Den kulturelle spaserstokken. Aktive eldre er ein viktig ressurs i samfunnet. Fylkesdirektøren løyver midlar til drift.		
Budsjett: 1,118 mill	Søknadssum: 200 000	Vedtak: 60 000	
Organisasjon 19/1255-9	Sogn og Fjordane Skrivelag		
Innhald	Sogn og Fjordane Skrivelag er ein fylkesdekkande organisasjon og har eksistert sidan 1985. Organisasjonen har som formål å fremje skrivelysta og auke skrivekompetansen i fylket. Dei arrangerer skrivekurs 1 -2 gongar gjennom året. Både amatørar og profesjonelle skribentar har vore innom skrivelaget. Alderspenget er frå 15 til 90 år.		
Vurdering	Fylkesdirektøren ser positivt på at Skrivelagt tilbyr opplæring og er med på å skape eit nettverk for skrivetalent i fylket og særleg at unge får delta på skrivekurs. Eit av satsingsområda i handlingsprogrammet i regional plan for kultur er å stimulere til produksjon og formidling av nynorsk litteratur for barn og unge. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar til Sogn og Fjordane Skrivelag.		
Budsjett: 16 200	Søknadssum: 10 000	Vedtak: 10 000	
Organisasjon 19/1255-8	Sogn og Fjordane krins av Norges KFUK-KFUM- speidarar		
Innhald	Norges KFUK-KFUM-speidarane sitt mål er å fremme og drive eit speidararbeid for å hjelpe barn og unge til å utvikle ei kristen tru og oppdra dei til å verte ansvarlege, sjølvstendige og samfunnsmessig engasjement og mellomfolkelig forståing og respekt for naturen sin verdi.		
Vurdering	Fylkesdirektøren legg vekt på medlemstal av barn og unge og aktiviteten i organisasjonen. Tidleg engasjement er eit av innsatsområda i regional plan for kultur, og fylkesdirektøren rår difor til at det vert løyvd midlar til KFUK-KFUM-speidarane.		
Budsjett: 97 000	Søknadssum: 25 000	Vedtak: 15 000	
Organisasjon 19/1255-4	Jakob Sande-selskapet		
Innhald	Målet for Jakob Sande-selskapet er å formidle Jakob Sande si dikting og nå nye grupper med diktinga hans. Dei har eit særleg mål å nå yngre aldersgrupper. Målet er vidare å gjere Jakob Sande-tunet til ein sentral møteplass for alle som er glade i Sande si dikting. Gjennom eit stort forprosjekt viser dei korleis dei		

	kan styrke tunet og selskapet som eit nasjonalt knutepunkt og kunnskapsbase for diktaren, og få ei framtidsretta og berekraftig drift av tunet og selskapet. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fjaler kommune og ein del nabokommunar er med og finansierer dette prosjektet. Jakob Sandeselskapet eig og driv Klokkargarden i Dale med våningshuset, drengestaua og løa. Løa er arena for ei rekke konsertar og andre arrangement gjennom året. Eit særleg nyskapande prosjekt er forfattarresidensen, som er etablert i våningshuset etter ei betydeleg opprusting av huset. For å nå yngre grupper, er det og starta opp eit arbeid med å utvikle eit skulesekk-program bygd på Sande si diktning.
Vurdering	Fylkesdirektøren ser positivt på det arbeidet Jakob Sande-selskapet gjer for å formidle Jakob Sande si diktning. Eit av tiltaka under litteratur i handlingsprogram for kultur er utvikling av Jakob-Sande tunet som formidlingsarena og forfattarbustad. Selskapet har gjennom forprosjekt for utvikling av satsinga si, levert eit forprosjekt der dei også søker statleg medfinansiering frå 2020. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd driftstilskot til vidareutvikling og drift av senteret.
Budsjett: 825 000	
Søknadssum: 100 000	
Vedtak: 100 000	

Organisasjon 19/1255-2	Sogn og Fjordane Husflidslag
Innhald	Sogn og Fjordane husflidslag er ein aktiv organisasjon med lokallag over heile fylket. Laget er ein kultur- og interesseorganisasjon som er ein leiande aktør innan kulturvern, handlingsboren kunnskap og næringshusflid. Dei arbeider bl.a. for å ivareta handverk, teknikkar, fagkunnskap og jobbar mot å bevare «identiteten» vår i form av kunnskapsformidling og ekspertise til komande generasjonar. Laget arbeider innanfor dei satsingsområde Norges Husflidslag trekkjer opp. Norges Husflidslag sitt satsingsområde «Ull» er avslutta men vert med vidare i det nye som er «Holdbart». I åra 2019-2022 skal Norges Husflidslag arbeide med bærekraft - korleis handverk og materialkunnskap kan bidra til å gjere forbruket vårt meir berekraftig. Husflidslaget arrangerer temadagar og regionale samlingar, driv næringsutvikling og synleggjering.
Vurdering	Sogn og Fjordane husflidslag er med å styrkje den levande husflidstradisjonen i fylket ved å organisere aktivitetar og tiltak som utviklar husflidsinteresse, kunnskap, produksjon, omsetning og vidareformidlar husflidstradisjonar. Fylkeslaget er bindeleddet mellom hovudorganisasjonen og lokallaga og er ei viktig brikke i organisasjonen med tanke på felles satsing og samarbeid for å ivareta og vidareutvikle den immaterielle kulturarven. Fylkesdirektøren ser positivt på laget sitt arbeid mot barn og unge og viser til handlingsprogram for regional plan for kultur med tiltak om å ta vare på handverkstradisjonar med vekt på å involvere barn og unge som tradisjonsberarar. Fylkesdirektøren løyver midlar til Sogn og Fjordane Husflidslag.
Budsjett:	
Søknadssum: 180 000	
Vedtak: 160 000	

Organisasjon 19/1255-1	Folkeakademiet i Sogn og Fjordane
Innhald	Folkeakademiet driv folkeopplysning og kulturprogram i tettstader og bygder i fylket. I 2018 har dei hatt 244 kulturprogram i 17 kommunar. Det vert fokusert på å bringe profesjonelle aktørar ut med turnear og samstundes ta vare på dei lokale talenta. Det vert arrangert kurs og turneprogram med foredrag til unge og vaksne og dei samarbeider med distriktsmusikarane, biblioteka og Sogn og Fjordane Teater.
Vurdering	Gjennom sitt aktivitetsprogram bidreg Folkeakademiet med kulturformidling til ulike aldersgrupper lokalt i fylket. Fylkesdirektøren ser og positivt på det samarbeidet som er inngått med andre fylkeskommunale institusjonar i fylket.

	Fylkesdirektøren løyver midlar til Folkeakademiet.	
Budsjett:	Søknadssum: 150 000	Vedtak: 90 000
Organisasjon 19/1255-33	Norges Korforbund Sogn og Fjordane	
Innhald	Korforbundet er ein frivillig organisasjon med oppgåve å tilby song i korrørsla og skape eit aktivt musikkmiljø i fylket med vekt på song. Korforbundet jobbar og med tilbod av utdanning/kursing av dirigentar.	
Vurdering	Organisasjonen har i hovudsak vaksne medlemmar, men jobbar med det mål å få med unge songarar. Fylkesdirektøren ser det som viktig å spreie korsong i samfunnet og tilrår tilskot til Korforbundet.	
Budsjett:	Søknadssum: 70 000	Vedtak: 60 000
Organisasjon 19/1255-34	4H Sogn og Fjordane	
Innhald	4H Sogn og Fjordane er eit fylkeslag av 4H Norge som er ein landsomfattande, ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. Foremålet til 4H er å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske. 4H er ein medlemsstyrt organisasjon der medlemmane sjølv, i alderen 10 -18 år, bestemmer kva dei vil utforske og tileigne seg kunnskap om. 4H Sogn og Fjordane har 71 aktive 4H-klubbar og rundt 1900 medlemmer, primært i aldersgruppa 10 til 18 år. Målet for 2019 er å oppretthalde den gode aktiviteten i 4H-klubbane og arbeide aktivt for å starte nye klubbar. Det vert arrangert styrekurs, inspirasjonshelg, leirar og samlingar.	
Vurdering	4H er ein organisasjon som dekkjer heile fylket og der organiseringa av arbeidet går ned på grendenivå. Organisasjonen har eit sterkt samfunnsengasjement knytt til barn og unge sine interesser. Eit av tiltaka i handlingsprogrammet for regional plan for kultur er å sikre at barn og unge får høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder. Fylkesdirektøren ser på tal unge medlemmar og arbeidet som vert gjort med å tilby varierte aktivitetar for medlemmane og rår til at det vert løyvd tilskot til 4H.	
Budsjett: 3,4 mill	Søknadssum: 300 000	Vedtak: 300 000